

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) nr. 413/2012

2017/EØS/6/08

av 15. mai 2012

om endring av gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011 med omsyn til minsteinnhaldet av natriumbenzoat som tilsetjingsstoff i fôrvarer for avvande smågrisar(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1831/2003 av 22. september 2003 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, særleg artikkel 13 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011⁽²⁾ vart bruken av natriumbenzoat, som tilhøyrer kategorien «avlstekniske tilsetjingsstoff», godkjend som tilsetjingsstoff i fôrvarer for avvande smågrisar for eit tidsrom på ti år.
- 2) Innehavaren av godkjenninga har, i samsvar med artikkel i 13 nr. 3 i forordning (EF) nr. 1831/2003, gjort framlegg om å endre vilkåra for godkjenning av det aktuelle stoffet ved å redusere minstekonsentrasjonen frå 99,9 % til 99,0 % når det gjeld bruk av stoffet på avvande smågrisar. Relevante data til støtte for framlegget var lagde ved søknaden.
- 3) I ei fråsegn av 15. november 2011 slo Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik fast at det aktuelle stoffet er trygt for menneske, den aktuelle målarten og

miljøet, og at stoffet, under dei same bruksvilkåra som den noverande iblandinga, er verksamt på avvande smågrisar når det har eit minsteinnhald på $\geq 99,0 \%$ ⁽³⁾ slik det er søkt om.

- 4) Dei vilkåra som er fastsette i artikkel 5 i forordning (EF) nr. 1831/2003, er oppfylte.
- 5) Gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011 bør difor endrast.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I fjerde kolonne i vedlegget til gjennomføringsforordning (EU) nr. 496/2011 vert orda «natriumbenzoat: $\geq 99,9 \%$ » bytte ut med «natriumbenzoat: $\geq 99,0 \%$ ».

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 15. mai 2012.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjord i EUT L 128 av 16.5.2012, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 3/2013 av 1. februar 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 31 av 30.5.2013, s. 4.

⁽¹⁾ TEU L 268 av 18.10.2003, s. 29.

⁽²⁾ TEU L 134 av 21.5.2011, s. 9.

⁽³⁾ EFSA Journal 2011, 9(12):2443.